

## ***Herre Konge! / Høgvyrde majestet! / Gode tilhøyrarar!***

Kommunen Vindafjord har namnet sitt etter Vindafjorden. Det namnet betyr «fjorden som vender og svingar». Historisk var alle fjordane i kommunen viktige. Folket som først kom til bygdene her for mange tusen år sidan, padla og rodde inn fjordarmane og fann seg matfat både på land og frå sjøen.

I all tid har folket i Vindafjord-bygdene levd på den halvøya som no blir kalla Haugalandet. Sjøen, fjorden og seilet knytte lenge folket her til å reisa på kyst-, hav- og fjordvegen.

Landskapet hindra ikkje båtferdsel, verken nordover eller søretter. Seilarfolket her tok seg med båtane sine over båtdragseida og landeida dei måtte passera. Kommunesenteret Ølen ligg ved det gamle og mykje brukte Sandeidet. Over Sandeid kunne det dras båtar og transporterast varer nordover til den store byen Bergen og søretter til Stavanger by.

Haraldseidet er eit anna sentralt dragseid og ligg i bygda Skjold, lenger vest i Vindafjord. Det eidet ber namnet sitt etter kong Harald hårfagre. Etter denne "Haralds-segna" likar me å tenkja at den første kong Harald vann slaget i Hafrsfjord i 872 fordi han drog skipa sine over Haraldseidet.

Mange hundre år etter, utpå sommaren 1685, var det ein annan konge som kom sjøvegen inn Ølensfjorden – med ein stor flåte av skip og mange folk. Den gongen drog dei ikkje skipa over Sandeidet, men let kong Kristian den 5. og hans menn ri på utkvilde hestar langs den nyopprettet postvegen mellom Bergen og Stavanger.

Alt då kan me skimta ein sakte overgang frå sjø til land. Denne overgangen har skote fart dei siste hundre åra. Bilen og traileren har skapt ein landbasert kommune der ni bygder gjekk på land, og gløymde gamal sjøorientering i ulike byretningar og laga til Vindafjord kommune for 20 år sidan.

Men også ennå i dag vender, svingar og byr Vindafjorden inn til kongeleg seilas!